



Frekhaug Bolig As  
Mjåtveitflaten 55  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4413 - 23/18461

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
08.03.2023

## Ferdigattest bustad - gbnr 322/111

**Administrativt vedtak:** Saknr: 260/23  
**Tiltakshavar:** Hkh Bygg og Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Frekhaug Bolig AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gbnr 322/111.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.10.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Ferdigattesten gjeld for omsøkte tiltak som gitt i løyve datert 26.10.2021, og for omsøkte tiltak i søknad om endring motteken 20.04.2022. Endringssøknaden gjeld endring av fasade, endring av vegtrase og plassering av bustad, samt etablering av mur i nabogrense mot gbnr, 322/46.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.03.2023.

## Skildring

Adresse:	Mjåtveitstø 17, 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Einestad
Bygningsnummer:	300959633
Bruksareal:	280,5 m <sup>2</sup>
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

## Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4413

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Frekhaug Bolig As

Mjåtveitflaten 5918  
55

FREKHAUG